

# Retningslinjer for fornying av eksisterande sals- og skjenkeløyve

## Volda kommune

Vedtatt av Volda kommunestyre 05.11.2024

### **Alle eksisterande skjenkeløyve opphøyrer 30. september året etter at nytt kommunestyre har tiltrett.**

- For å få fornya løyve må skjenkestadane søke om skjenkeløyve for ny periode inntil 4 år.

### **Alle eksisterande salsløyve i inneverande periode vert forlenga med fire nye år utan ny søknadshandsaming.**

*Føresetnad for forlenging av løyve utan søknadshandsaming er:*

- Salstaden kan ikkje ha hatt vesentlege avvik dei siste to åra. Vesentlege avvik er sett til 8 prikkar eller fleire.
- Løyveharar og personar med vesentleg innflytelse på verksemda må ha utvist uklanderleg vandel etter alkohollova § 1-7b.
- Salsstaden ønskjer ikkje endringar på eksisterande løyve.

Salstadar med ubetente kasser må dokumentere at dei har rutinar for kontroll av alkoholsal i ubetente kasser så ikkje sal skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år.

Kommunedirektøren får mynde til å treffe enkeltvedtak om slik forlenging for kvart enkelt salsløyve innan utgangen av løyveperioden, 30. september, til dei salstadane som oppfyller krava.

Om salstaden ikkje oppfyller krava blir saka sendt til politisk behandling på same måte som søknad om nytt løyve.